



Ikkje så ofte vi får vera med på Sommarkonsert med to kantorar.

Sommarkonserten i Kvinnherad kyrkje i kveld, torsdag 25. juni, kl. 19.00 har eit variert program med musikkuttrykk frå folketonar og salmar til sving. Sommarkonserten med to kantorar er eineståande i sitt slag. Med kantor tenkjer vi ofte på ein organist med høgare utdanning, i ei domkyrkje, ein som er leiars for eit kyrkjeor. Kvinnherad har ikkje domkyrkje, men to kantorar, kyrkjeor og mindre songgrupper.

Kantorane er Rebekka Attramadal og Eva Megyesi, begge markerte musikalske utøvarar og korleiarar i kommunen. Ein ny kvartett med namnet ÆERE står fram med tre songar. Medlemene er Aslaug Hellesøy, Eva Megyesi, Svein Rimestad og Kristian Bringedal.

Svein Rimestad vil framføra to songar solo. Hallgjerd Hegland, mellom anna medlem i vokalensemblat GLIMRAH, er ein annan soloartist.

Kantorane sit sjølvsagt på orgelkrakken, men også ved pianoet.

Du vert med dette invitert er ein lett sommarleg konsert i Rosendal i kveld kl. 19.00. Det kan bli ei fin oppleving før ferien verkeleg tek til for mange med ferietur i Kongeriket Noreg.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Utsnitt av plakaten